



# SKOGEIGARAR I TOKKE – GODE TILBOD PÅ UNGSKOGPLEIE !!



Dette er eit flott ungskogfelt. Slike felt bør vi sjå mange av framover foto Bakke

Tokke kommune satsar no mykje for å stimulere skogeigarane til å auke aktiviteten på etterarbeid i ungskogen.

Dette arbeidet har lege nede ei tid. Skogeigarane var veldig flike i mange år. Tida er inne til ein innsats i skogen att!

Følgjande vilkår er lagt til rette for auka innsats:

## ➤ **50 % tilskot av statsmidlar – maks. 200 kr /da.**

Vi godkjenner ein timesats inkl. utstyr på 190 kr/t – det føreset ein viss prestasjon pr. dag. Det vanlegaste er ein pris pr. da . Gjennomsnittspris i Telemark var 250 kr/da –maks. 400 kr/da . Helling , dimensjon på kratt og mengde avgjer prestasjonen.

Dersom du har skogavgift på kontoen din, kan du dekke resten av kostnadane med desse midlane . Du får 85% skattefordel på bruk av desse midlane.



Dersom du ryddar 10 da ungskog og melder dette til skogbrukssjefen innan 15.10.08 vil du vera med i trekninga på ei ny Husqvarna ryddesag til kr 7-8.000. Du får eit lodd ekstra for kvar 20 da over 10 da du ryddar .

Kva med å seta av ei veke i ferien – trim, god betaling og eit framtidsretta tiltak!

Ring skogbrukssjef dersom du har spørsmål!  
35075200 -97192803

Sverre Bakke  
Skogbrukssjef i Tokke